

Naboar og offentleg høyringsinstansar

Dato: Ålesund 12.12.2018  
Vår ref: Halvard V. Straume  
Dykkar ref:

## Varsel om oppstart av detaljregulering av gnr/bnr 185/8 – Johannsmarka

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-8 varslar vi med dette oppstart av arbeidet med detaljregulering av bustader på eigedom gnr. 185 bnr. 8 (Johannsmarka) på Valderøya i Giske kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 7 eller fleire einebustader. I tillegg til einebustader vil moglegheita for konsentrerte småhus også bli vurdert. Det skal visast omsyn til siktlinjer mot sjø. Nye bygg skal ha volum og høgd som er tilpassa eksisterande bustader i området.



*Varsla plangrense*

Tilkomst til området er tenkt via eksisterande tilkomst til Syvermarka, som ligg vest for planområdet.

Strandsona skal sikrast som grønstruktur i samsvar med gjeldande regulering, men det er ynskjeleg å etablere nokre naust innanfor planområdet. Det er allereie skilt ut ei nausttomt. I tillegg har det stått eit eldre naust i området som ble revet på grunn av at det var i dårleg forfatning. Det er ynskjeleg at dette kan byggast opp igjen.



Forslag til kommuneplanens arealdel 2018-2030. Eigedom 185/8 er lagt inn som framtidig bustadområde.  
Kjelde kart: Giske kommune

Planen er i samsvar med forslag til kommuneplanens arealdel 2018-2030. Vi har gjennomgått Forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningsloven. I samsvar med forskrifta er det ikkje krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

#### **Medverknad**

Det vert lagt opp til gjennomføring av eit dialogmøte med naboar og andre interessentar. Det er ynskjeleg å gjennomføre dette møtet etter vi har mottatt innspel til varsel om oppstart. Sted og tidspunkt for møtet vil bli varsla i eige brev.

#### **Frist for innspel til oppstartsvarsel**

Oppstart av reguleringsarbeid er kunngjort i Sunnmørsposten. Oppstartsvarselet vil også bli lagt ut på [www.nordplan.no/kunngjeringar](http://www.nordplan.no/kunngjeringar). Vi ber om å få tilsendt eventuelle innspel innan 01.02.2019

Innspel må sendast skriftleg til Nordplan AS avd. Ålesund v/Halvard V. Straume, Notenesgata 14, 6002 Ålesund eller per e-post til [hs@nordplan.no](mailto:hs@nordplan.no).

Med helsing  
for Nordplan AS

*Halvard V. Straume*

Halvard V. Straume  
Fysisk planleggjar, tlf 488 91 258  
[hs@nordplan.no](http://hs@nordplan.no)